



**LINDÅS KOMMUNE**

**TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ**

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

FYLKESMANNEN I HORDALAND  
POSTBOKS 106

5001 BERGEN



14 APR 1994

Dykkar ref.

Vår ref.  
HH/94/915/137/127/01

Dato: 13.04.94

**BERGETUN, STIG ARE- GNR. 137 BNR.127 - ALVER.  
KLAGE FRÅ STÅLE NYHAMMER PÅ VEDTAK GJORT AV  
TEKNISK SJEF I DELEGERT SAK 25/94, DEN 16.03.94.**

Til handsaming:

Klage frå Ståle Nyhammer  
på vedtak gjort av teknisk sjef i delegert sak 25/94.

---

Saka gjeld søknad frå Stig Are bergetun gnr. 137 bnr.127, "Alver", om løyve til oppføring av garasje - nybygg.

Teknisk sjef godkjende søknaden i møte 03.02.94, sak 25/94.

Ståle Nyhammer har med brev av 21.02.94 klaga på vedtaket.

Klagen vart handsama i Lindås bygningsråd 06.04.94, sak 37/94, men ikkje teken til følgje.

I samsvar med § 15 i plan- og bygningslova vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

  
Hildur Halland  
fullm.

Vedlegg: Søknad om løyve til bygging av garasje  
kartutsnitt 1:1000  
teikningar  
kvittering for sendt nabovarsel  
Protest frå Ståle Nyhammer dat. 13.12.93

Vedtak i delegert sak 25/94, den 03.02.94 med melding i  
forvaltningssak dat.07.02.94

Brev dat. 21.02.94 frå Ståle Nyhammer

Vedtak i bygningsrådet 06.04.94, sak 37/94.



<input checked="" type="checkbox"/> <b>Søknad om byggeløyve</b> for arbeid etter plan og bygningslova, jfr. pbl § 93  <b>Melding om arbeid</b> etter plan- og bygningslova <input type="checkbox"/> - driftsbygning i landbruket, § 81 <input type="checkbox"/> - varige konstruksjonar og anlegg, § 84 <input type="checkbox"/> - mindre byggearbeid på bustadeigedom, § 86a	Stempel   <input type="checkbox"/> <b>Søknad om samtykke frå Arbeidstilsynet</b> etter Arbeidsmiljølova (AML), § 19
Til bygningsrådet i: (søknad m. vedlegg skal fyllast ut og leverast i 2 eksemplar) <i>LINDÅS 5100 ISDALSTØ</i>	Til Arbeidstilsynet i: (eit eksemplar av søknad m. vedlegg vert sendt av byggherren til Arbeidstilsynet)

Søknaden/meldinga gjeld				
Eigedom/ byggestad	Gnr. <i>137</i>	Bnr. <i>127</i>	Festenr.	Seksjonsnr.
	Adresse <i>5100 ISDALSTØ</i>			
Type arbeid	<input checked="" type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Anna	- spesifiser
	<input type="checkbox"/> Påbygg/ tilbygg	<input type="checkbox"/> Riving	<input type="checkbox"/> Masseuttak/ fylling	
Type bygg	<input type="checkbox"/> Bustad	<input type="checkbox"/> Bygg med arbeids- plassar	<input type="checkbox"/> Naust/ sjøbu	- spesifiser
	<input checked="" type="checkbox"/> Garasje	<input type="checkbox"/> Fritidsbustad	<input type="checkbox"/> Drifts- bygning	<i>CRATSJE</i>

LINDÅS KOMMUNE  
TEKNISK ETAT  
93/2862 29 NOV 1993  
J.NR. *CRATSJE* SAKS.NR. *137/127/0* ARKIV

Dispensasjonssøknad				
pbl § 7 (§ 88)	Det vert søkt dispensasjon frå føresegnene i: Grunngeving for dispensasjon på eget ark	<input type="checkbox"/> Plan- og bygningslov	<input type="checkbox"/> Plan	Dispensasjonen gjeld <i>03 FEB 1994</i>
AML		<input type="checkbox"/> Byggeforskr.	<input type="checkbox"/> Forskrifter til AML	<b>BYGNINGSJEFEN I LINDÅS</b>
		<input type="checkbox"/> Vedtekter		

Vedlegg til bygningsrådet		Vedlegg til Arbeidstilsynet (gjeld bygg med arbeidsplassar)	
pbl § 94.3 BF 87 kap. 14	<input checked="" type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel	F. best nr 324	<input type="checkbox"/> Situasjonsplan
	<input checked="" type="checkbox"/> Situasjonsplan påført namna til naboar/gjenbuarar		<input type="checkbox"/> Etasjeplan m. romfunksjon
	<input checked="" type="checkbox"/> Fasadeteikningar		<input type="checkbox"/> Snitt
	<input type="checkbox"/> Snitt		<input type="checkbox"/> Fasadar
	<input type="checkbox"/> Statiske utrekningar		<input type="checkbox"/> Dokumentasjon klima
	<input type="checkbox"/> Rapport om grunnundersøkingar		<input type="checkbox"/> Dokumentasjon støy
	<input type="checkbox"/> Fråsegner/samtykke frå andre off. styremakter		<input type="checkbox"/> Fråsegn frå AMU/verneombod
Andre vedlegg		Andre vedlegg	


Underskrift			
Byggearbeidet vil verta utført i samsvar med gjeldande føresegner i plan- og bygningslov, byggeforskrift, arbeidsmiljølov m. forskrifter, vedtekter, reguleringsplan med tilhøyrande føresegner og anna lovgeving.			
Byggherre		Søkar/meldar	
Namn <i>STIL-ARE BERGETUN</i>		Namn <i>STIL-ARE BERGETUN</i>	
Adresse		Adresse	
Postnr. <i>5100</i>	Poststad <i>ISDALSTØ</i>	Postnr. <i>5100</i>	Poststad <i>ISDALSTØ</i>
<input checked="" type="checkbox"/> Enkeltperson		Tlf. <i>56 - 351527</i>	
<input type="checkbox"/> Offentleg verksemd			
<input type="checkbox"/> Selskap/lag/sameige			
Dato <i>29-11-93</i>	Underskrift <i>Stig are Bergetun</i>	Dato <i>29-11-93</i>	Underskrift <i>Stig are Bergetun</i>

## Opplysningar til søknaden/meldinga

Mangelfull utfylling og/eller mangelfulle teikningar kan seinka saksbehandlinga

### Byggetomt og busetnad

1. Regulert område	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tillatt utnyttingsgrad		
2. Oppmålt tomt	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Tomteareal CA 1 MAL		
3. Avstandar pbl § 70 BF 87 kap. 30 Veglova	Minste avstand frå det planlagde bygg til:	Nabogrense	Vegmidte	Annan bygning
	Avstanden er måsett på situasjonsplan	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei		
	Gar det høgspent kraftlinje kabler over, eller i nærleiken av tomta?	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei		
4. Tilkomst Veglova pbl §§ 66, 67	Tomta har tilkomst til følgende veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel	Gjev arbeidet endra avkjøringsforhold?		<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	<input type="checkbox"/> Riksveg/ fylkesveg Er vegsjefen sitt avkjøringsløyve gjeve?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
	<input type="checkbox"/> Kommunal veg Er kommunen sitt avkjøringsløyve gjeve?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
	<input checked="" type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst frasøgn?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
5. Byggegrunn	<input checked="" type="checkbox"/> Fløi <input type="checkbox"/> Sand <input type="checkbox"/> Anna .....	- spesifiser		
	<input type="checkbox"/> Grus <input type="checkbox"/> Leire <input type="checkbox"/> Rastare?			
6. Fundament	<input type="checkbox"/> Grunnmur <input type="checkbox"/> Pelar <input type="checkbox"/> Anna .....	- spesifiser		
	<input type="checkbox"/> Bankett/ sale	STØPT PLATE		
7. Vassforsyning pbl §§ 65, 67	Tilknytta	- spesifiser		
	<input type="checkbox"/> - offentlig vassverk <input type="checkbox"/> - privat vassverk <input type="checkbox"/> - anna privat vassforsyning, innlagt vatn			
	<input type="checkbox"/> - anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn			
8. Avløp pbl §§ 66, 67	<input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg	Skal det install. vassklosett?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
		Er utstepps-løyve gjeve?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
9. Drenering BF 87 kap. 42	<input type="checkbox"/> Sjølv-drenering <input type="checkbox"/> Kultgrøft <input type="checkbox"/> Rør	Drensvatn vert ført til:	<input type="checkbox"/> Avløps-system <input type="checkbox"/> Terreng	
10. Overvatn	Takvatn/overvatn vert ført til:	<input type="checkbox"/> Avløps-system <input type="checkbox"/> Terreng		
11. Miljø pbl § 68	Trafikkstøyproblem?	Flystøyproblem?	Konferer med dei kommunale byggingssstyremakter	
	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
12. Heis/Rulletrapp pbl § 106a BF 87 kap. 18	Skal bygningen ha heis/rulletrapp?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Dersom ja, vert eigen søknad krevd	
13. Bebyggelsen pbl §§ 70-77 BF 87 kap. 23 BF 87 kap. 30-39	Antall etasjar	Eldre bebyggelse	Ny bebyggelse	Sum
	Antall brukseiningar (NS 3940)		1	
	Bruksareal (NS 3940)	m2	m2	m2
	Bebyggd areal (brutto grunnflate)	m2	59,5 m2	m2
14. Byggematerialar	Materialar i bærekonstruksjon (utgjer minst 25 % av konstruksjonen)		Materialar i yttervegg (min. 25 % av konstruksj.)	Oppvarming (maks. 1 kryss)
	- vertikale konstruksjonar (maks. 3 kryss)	- horisontale konstruksjonar (maks. 3 kryss)	(maks. 3 kryss)	
Oppvarming	1 Tre	2 Lett-betong	1 Tre	2 Lett-betong
	3 Betong	4 Metall	3 Betong	4 Metall
	5 Teglj	9 Anna	5 Teglj	9 Anna
	Materialets trykkbelastning ved press fra snø el lignende pr. m² tak .....			
			0 Ved	1 Oljefyr-anlegg
			2 Oljefyrd eldstad	3 El.
			4 Oljefyr-anl./el.	5 Oljefyr-anl./ved
			6 Oljefyrd eldst./el.	7 Oljefyrd eldst./ved
			8 El./ved	9 Anna



X 284900

X 284800


LINDAS KOMMUNE  
 TEKNISK ETAT  
 29 NOV 1993

AG 060-1-4

VEDLEGG TIL  
 BR-SAK 37/04

TEKNISK ETAT  
 29 NOV 1993


FASADE VEST



SKALA : 1 : 50

GWR


FASADE NORD



LECA

FASADE ØST

ARATV



LECA

HANDSAMÁ DEN  
 1993  
 BYGNINGSRÅDET I LINDÁS


LINDÁS KOMMUNE  
 TEKNISK ETAT  
 29 NOV 1993

J.Nr.	Saksn.	ÅRNY

137 BNR: 127

"LUNHEIM"

FASADE SYD



LECA

**KOPI AV  
NABOVARSEL**

(vedlegg til søknad/melding)

for  
eigedomen

Gnr. 137 Bnr. 127 Festenr. Seksjonsnr.

Eigar/festar **STIG-ARE BERGETUN  
SIRI VIRKESDAL**

Adresse **5100 ISDALSTØ**

Til bygningsrådet i

**LINDÅS KOMMUNE  
TEKNISK ETAT  
5100 ISDALSTØ**

**LINDÅS KOMMUNE**

For ovannevnde eigedomen det i samsvar med  
føresegnene i § 94 nr. 3 i plan- og bygningslova  
av 14 juni 1985 nr. 72, sendt følgjande nabovarsel:

**29 NOV 1993**

De vert med detta varsla om at følgjande søknad/melding er send til bygningsrådet.

J.nr. Saksh. Arkiv

Søknad om delingsløyve

Søknad om løyve til å feste bort del av eigedomen (meir enn 10 år)

Eigedomen  
skal nyttast  
til:

bustadhus  fritidshus  industri/bergverk  varehandel/bank/hotell/forsikring/restaurant  offentlig verksemd  landbruk/fiske  
 naturvern  offentlig friluftsomr.  off. veg  anna kommunikasjonsareal/teknisk anlegg

Søknad om byggjeløyve for arbeid etter plan- og bygningslova, jfr. pbl. § 83 **SAMA DEN**

Melding om arbeid etter plan- og bygningslova - driftsbygning i landbruket, jfr. pbl. § 84 **29 NOV 1993**

Melding om arbeid etter plan- og bygningslova - varige konstruksjonar og anlegg, jfr. pbl. § 84 **BYGNINGSRÅDET I LINDÅS**

Melding om arbeid etter plan- og bygningslova - mindre byggjearbeid på bustadeigedom, jfr. pbl. § 86a. Nabo eller gjenbuar som ikkje finn arbeida tilfredsstillande, kan krevja at meldinga blir behandla som søknad om byggjeløyve. Slikt krav må vera kome fram til bygningsrådet innan to veker etter at dette varslet er sendt.

Kva slag arbeid  Nybygg  Tilbygg  Påbygg  Underbygging  Riving  Fasade-endring

-beskriv **GARASJE**

Kva slag bygg

Bustad  Fritidshus  Garasje  Uthus  Skole  Forsaml. lokale  Driftsbygning landbruk  
 Industri/kontorlokale  Bilverkstad  Kai  Molo  Dokk  Bru  Transformator  
 Tank-/beholdaranl.  Underjord. anlegg  Hallar/be-drift i fjell  Tribuner  Idrettsanlegg

-beskriv **GARASJE**

Søknad om bruksendring - jfr. pbl. §§ 93 og/eller 91a

Frå:

Til:

Søknad om dispensasjon - jfr. pbl. § 7 frå føresegner i:

plan- og bygningslov  forskrift  vedtekt  kommuneplan  reguleringsplan  byggjeplan

Søknaden/meldinga kan De sjå på bygningsvesenet sitt kontor.

-adresse

**5100 ISDALSTØ**

Eventuelle merknader må vera kome til bygningsrådet innan 2 veker etter at dette varslet er sendt.

Stad

Dato

Underskrift

**ISDALSTØ**

**29-11-93**

**Stig are Bergetun**

# KVITTERING FOR NABOVARSEL

Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, eller overleverast personleg mot kvittering. Ved personleg overlevering gjeld kvitteringa berre for mottakinga av varslat. Dersom nabo/gjenbuar ikkje har noko å merka, kan dette eventuelt skrivast i merknadsrubrikken.

Nabo/gjenbuar eigedom				Postverket si kvittering for rekommandert sending				Personleg kvittering for mottake varsel									
Gnr.	Bnr.	Festemr.	Seksjonsnr.	Eigar/featar sitt namn	Poststaden sitt reg.nr.	Merknad	Dato	Sign.	Gnr.	Bnr.	Festemr.	Seksjonsnr.	Eigar/featar sitt namn	Poststaden sitt reg.nr.	Merknad	Dato	Sign.
137	156/100			ADDU BERNBERG	2291												
137	52			RENNES HUS 4/5													
137	128			STÅLE NYHAMMER	228												
137	348			489. HANSENS V 13	230												
137	266			LIV OES ASE													

Det vert attestert at det d.d. er innlevert rek. sending til ovannemndadressatar

Samla tal av sendingar: 4711P



Sign.



TIL: Lindås Kommune  
v/Lindås Bygningsråd  
5100 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE TEKNISK ETAT		
14 DES 1993		
G.nr.	Sannr.	ARKIV
3103	K.Ø.	137/127/01

ARKIV

FRA: Ståle Nyhammer  
Armauer Hansensvei 13  
5030 LANDÅS

Bergen 13.12.1993

Vedrørende søknad om oppføring av garasje på G.nr. 137, B.nr. 127.

HANDSAMÅ DEN
BYGNINGSRÅDET I LINDÅS

Jeg viser til nabovarsel fra Stig-Are Bergetun og tegninger vedr. saken.

Som eier av g.nr. 137, b.nr 128 , har jeg flere merknader/klager vedr. saken.

1. Tegninger som foreligger er svært mangelfulle/misvisende m.h.p. størrelsen av byggeprosjektet. Planer for veiavkjørsel foreligger heller ikke.
2. Undertegnede har muntlig fått rede på at avkjørselen til garasjen er planlagt i grensen til g.nr. 137, b.nr. 128.  
Det påpekes herved at byggherren ikke har bruksrett til den private felles vei, fra dagens avkjørsel til g.nr 137, b.nr 127 og til avkjørselen til g.nr. 137, b.nr. 128 og 52, da han ikke har deltatt i opparbeidelse av veien. Dersom veirett fremskaffes vil en utkjørsel på dette stedet være uoversiktlig og medføre plager med svært skjenerende trafikkstøy.
3. Bygget, som har et grunnplan på størrelse med eiendommens enebolig, er uforholdsmessig stort for å bare ha funksjon som garasje.  
Da eiendommen allerede har garasje med veitilførsel, må man ha lov å stille spørsmål om bygningen skal brukes til andre formål enn som garasje.
4. Området som bygget søkes oppført i er et typisk eneboligområde. I skjøtet til g.nr. 137, b.nr. 127 forplikter kjøper av eiendommen seg til ikke å bygge hus som virker skjemmende på stedet. Et bygg i denne størrelsesorden som det her er planer om, må man i høyeste grad kunne kalle skjemmende på stedet.

Det er uforståelig for undertegnede at det skal være behov for en garasje i denne størrelse for en eiendom som allerede har garasje, og at en evt. ny ikke kan bygges i tilknytning til dagens veitilførsel.

Med hilsen

*Ståle Nyhammer*  
Ståle Nyhammer



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

BERGETUN STIG-ARE

5100 ISDALSTØ

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 03.02.94

KB/93/2862/137/127/01

**SAK 25/94 BERGETUN STIG-ARE - GNR.137, BNR.127 - ALVER  
BYGGJESAK - GARASJE - NYBYGG**

Saka er handsama av teknisk sjef etter fullmakt frå rådmannen.

Dokument:

Søknad om byggjeløyve datert 29.11.93

Situasjonsplan M=1:1000

Teikningar

Kvittering for sende nabovarsel

Søknad om ansvarsrett

Protest frå Ståle Nyhammer dat.13.12.93

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld bygging av garasje på ca. 60m<sup>2</sup>.

Ståle Nyhammer, som eig gnr.137 bnr.128, protesterer i brev dat 13.12.93 mot byggjeplanane, med følgjande grunngjeving:  
Mangelfulle/misvisande teikningsmateriell når det gjeld storleik på bygget. Avkørsle er ikkje vist (Situasjonsplanen er no korrigerert, med rett storleik på bygget og ny avkørsle vist ned mot grensa mot bnr.128).  
Nyhammer hevdar at byggherren ikkje har vegrett lengre enn til noverande avkørsle, og at ei ny avkørsle på denne staden vil vera trafikkfarleg. Vidare stiller Nyhammer spørsmål om storleiken på bygget og bruken av det. Trengst det så stor garasje for ein eigedom som har garasje frå før, eller skal bygget brukast til andre føremål? Til slutt vert det vist til eit punkt i skøyte om ikkje å byggja hus som verkar skjemmande.

Byggherren opplyser at det det er trøngt i og rundt den eksisterande garasjen, og at han treng ekstra plass m.a. til ein veteranbil, og elles til det som finst av reiskap, ved, sportsutstyr m.m. på eigedommen. Inn- og utkøyringsforholda vert mykje betre i botn av bakken. Utfrå dei opplysningar han har fått ved overtaking av eigedommen og dei dokument han har skaffa seg seinare, har eigedommen fulle rettar fram til Nyhammer si avkørsle.

(forts.)

Vurdering:

Det er søkt om garasje, og då må ein leggja til grunn for handsaminga vanleg bruk av bygget som garasje/uthus på bustadeigedom. Annan bruk krev særskilt godkjenning/bruksendring. Teknisk etat vurderer ikkje avkøyrsla frå privat fellesveg som særskilt farleg; den vil verta enda meir oversiktleg om det vert teke litt av hekken mellom bnr.127 og 128.

Sjølv om garasjen er større enn gjennomsnittet, vurderer vi ikkje bygget som skjemmande, utfrå utforming og plassering i terrenget, sjølv sagt under føresetnad av at fargesetjing, materialval og utføring vert gjort slik at det harmonerer med bustadmiljøet omkring. Dette er eit generelt krav etter plan- og bygningslova § 74 nr.2.

Vegrett og oppfylling av plikter i samband med opprusting av vegen ser ut til å vera i orden, men dette er privatrettslege spørsmål som ikkje er grunnlag for avgjerd i saka, då dei ikkje kjem inn under bygningslovgjevinga. Krav om tilkomst etter plan- og bygningslova § 66 nr.2 er i alle høve oppfylt.

Brannteknisk: Sidan garasjen er plassert nærare bustadhuset enn 8m, er det spesielle krav til den delen av garasjen som ligg innafor dei 8 metrane.

Vedtak:


Teknisk sjef viser til vurderinga ovanfor og godkjenner søknad om byggjeløyve for garasje i samsvar med teikningar og utgreiningar, på følgjande vilkår:

1. Teknisk sjef skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgd på topp grunnmur. (Byggeforskrifta 14:3)
2. Gavlen mot bustadhuset og bakre del av taket må utførast som B60-konstruksjon (Byggeforskrift 87, kap.30:32 og 34:431).

Teknisk sjef godkjenner Stig-Are Bergetun som ansvarshavande for byggjearbeidet (PBL § 98).

Protest frå Ståle Nyhammer dat. 13.12.93 vert ikkje teken til følgje.

for teknisk sjef

  
Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

Kopi av vedtak og korrigert situasjonsplan til:  
Ståle Nyhammer, Armauer Hansens vei 13, 5030 Landås



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

NYHAMMER STÅLE

ARMAUER HANSENS VEI 13  
5030 LANDÅS

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 07.02.94

KB/93/2862/137/127/01

**BERGETUN STIG-ARE - GNR.137, BNR.127 - ALVER  
MELDING I FORVALTNING I DELEGERT SAK 25/94**

I samsvar med § 27 i forvaltningslova vert det med dette  
meldt at det den 03.02.94 i delegert sak 25/94

av teknisk sjef i Lindås, 5100 ISDALSTØ

er gjort vedtak som vedlegget syner.

Vedtaket kan påklagast til bygningsrådet, jfr. § 14.3 i plan- og  
bygningslova.

Klagefristen er 3 - veker frå den dagen brevet kom fram til mottakaren. Det er  
nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast til Lindås  
bygningsråd, 5100 ISDALSTØ. Han skal vera underskriven, nemna det vedtaket  
som det vert klaga på, gjeva opp dei endringar som er ønskjelege og dei  
grunnar De vil føra for klagen.

Dersom De klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om De har klaga i  
rett tid, ber vi Dykk gjeva opp når denne meldinga kom fram. Om løyve til å få  
klagefristen forlengja, og om løyve til å påklaga vedtaket sjølv om klagefris-  
ten er ute m.m., gjeld elles føresegnene i § 29 - 32 i forvaltnings lova. Om  
oppsetjande verknad av klage gjeld § 42 i forvaltningslova. Har De ikkje høve  
til å gjera Dykk kjend med desse føresegnene, eller De treng rettleiing om kva  
De skal eller kan gjera, kan De venda Dykk hit.

For teknisk sjef i Lindås

-----  
Inger Soltvedt  
fullm.

Ståle Nyhammer  
Armauer Hansensvei 13  
5030 LANDÅS

Bergen den 21. februar 1994

Lindås Kommune  
v/Lindås Bygningsråd  
5100 ISDALSTØ



**KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 25 / 94.**

Jeg viser til brev datert 7/2-94 fra Lindås bygningsråd.

Som eier av gnr 137, bnr 128, og i henhold til § 14.3 i plan- og bygningsloven påklager jeg dette vedtaket.

Det er uforståelig for undertegnede at det skal være behov for en garasje i denne størrelse for en eiendom som allerede har garasje, og at en evt. ny ikke kan bygges i tilknytning til dagens veitilførsel. Jeg ser at byggherren har grunnlagt sin søknad med at bygget også skal benyttes til redskap, ved og sportsutstyr mm. på eiendommen. Til det kan jeg nevne at eiendommen allerede har en stor "utebod" i østre side av eiendommen på høyde med kjelleretasjen til huset. Dette bygget er nesten like stor som garasjen så det burde vere god nok plass for redskap mm.. Dette bygget er forøvrigt ikke tegnet inn som et bygg. Skulle ikke det vert gjort ? Jeg mener også at det er fullt mulig å plassere en eventuell tilleggs garasje oppå dette bygget eller i nord-vestre hjørne av eiendommen i tilknytning til dagens innkjørsel.

Bygget, som har et grunnplan på størrelse med eiendommens enebolig, er uforholdsmessig stort for å bare ha funksjon som garasje. Da eiendommen allerede har garasje med veitilførsel, kan man ha lov å stille spørsmål om bygningen skal brukes til andre formål enn som garasje. Området som bygget søkes oppført i er et typisk eneboligområde. I skjøtet til gnr 137, b.nr. 127 forplikter kjøper av eiendommen seg til ikke å bygge hus som virker skjemmende på stedet. En garasje i denne størrelsesorden som det her er planer om, er uforholdsmessig svært stor, og man må i høyeste grad kunne kalle det skjemmende på stedet. Jeg må derfor på det sterkeste anmode bygningsrådet evt. fylkesmannen i å ha en befaring på stedet.

Til slutt vil jeg påpeke at byggherren ikke har bruksrett til den private felles vei, fra dagens avkjørsel til gnr 137, bnr 127 og til avkjørselen til gnr 137, bnr 128 og 52, da han ikke har deltatt i opparbeidelse av veien. Jeg vil derfor be i hht §42 i forvaltningsloven, om utsatt iverksetting av vedtak, inntil dette spørsmålet er rettslig avklart.

Med hilsen

*Ståle Nyhammer*  
Ståle Nyhammer

VEDLEGG  
BR-SAK

27/04



## UTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla av	
Bygningsrådet	Saksbeh.: Knut Bjørnevoll
Sak nr. : 37/94	Dato : 06.04.94
Jour. nr. : 505/94	Mappe 137/127/01 Avgj. av BR

**BERGETUN STIG-ARE - GNR.137 BNR.127 - ALVER  
BYGGJESAK - GARASJE - NYBYGG  
KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR. 25/94**

Saksdokument (vedlagt):

1. Kart 1:5000
2. Klage frå Ståle Nyhammer dat. 21.02.94

Saksdokument (ikkje vedlagt):

1. Brev frå teknisk sjef til Ståle Nyhammer, dat. 16.03.94
2. Utskrift av delegert sak nr. 25/94, dat. 03.02.94:

"SAK 25/94 BERGETUN STIG-ARE - GNR.137, BNR.127 - ALVER  
BYGGJESAK - GARASJE - NYBYGG

Saka er handsama av teknisk sjef etter fullmakt frå rådmannen.

Dokument:

Søknad om byggjeløyve datert 29.11.93  
Situasjonsplan M=1:1000  
Teikningar  
Kvittering for sende nabovarsel  
Søknad om ansvarsrett  
Protest frå Ståle Nyhammer dat.13.12.93

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld bygging av garasje på ca. 60m<sup>2</sup>

Ståle Nyhammer, som eig gnr.137 bnr.128, protesterer i brev dat 13.12.93 mot byggjeplanane, med følgjande grunngjeving:  
Mangelfulle/misvisande teikningsmaterieill når det gjeld storleik på bygget. Avkørsle er ikkje vist (Situasjonsplanen er no korrigerert, med rett storleik på bygget og ny avkøyrslé vist ned mot grensa mot bnr.128). Nyhammer hevdar at byggherren ikkje har vegrett lengre enn til noverande avkøyrslé, og at ei ny avkøyrslé på denne staden vil vera

trafikkfarleg. Vidare stiller Nyhammer spørsmål om storleiken på bygget og bruken av det. Trengst det så stor garasje for ein eigedom som har garasje frå før, eller skal bygget brukast til andre føremål? Til slutt vert det vist til eit punkt i skøyte om ikkje å byggja hus som verkar skjemmande.

Byggherren opplyser at det det er trøngt i og rundt den eksisterande garasjen, og at han treng ekstra plass m.a. til ein veteranbil, og elles til det som finst av reiskap, ved, sportsutstyr m.m. på eigedommen. Inn- og utkøyringsforholda vert mykje betre i botn av bakken. Utfrå dei opplysningar han har fått ved overtaking av eigedommen og dei dokument han har skaffa seg seinare, har eigedommen fulle rettar fram til Nyhammer si avkøyrsløse.

#### Vurdering:

Det er søkt om garasje, og då må ein leggja til grunn for handsaminga vanleg bruk av bygget som garasje/uthus på bustadeigedom. Annan bruk krev særskilt godkjenning/bruksendring. Teknisk etat vurderer ikkje avkøyrsla frå privat fellesveg som særskilt farleg; den vil verta enda meir oversiktleg om det vert teke litt av hekken mellom bnr.127 og 128. Sjølv om garasjen er større enn gjennomsnittet, vurderer vi ikkje bygget som skjemmande, utfrå utforming og plassering i terrenget, sjølvst under føresetnad av at fargesetjing, materialval og utføring vert gjort slik at de harmonerer med bustadmiljøet omkring. Dette er eit generelt krav etter planbyggningslova § 74 nr.2.

Vegrett og oppfylling av plikter i samband med opprusting av vegen ser ut til å vera i orden, men dette er privatrettslege spørsmål som ikkje er grunnlag for avgjerd i saka, då dei ikkje kjem inn under bygningslovgjevinga. Krav om tilkomst etter plan- og bygningslova § 66 nr.2 er i alle høve oppfylt.

Brannteknisk: Sidan garasjen er plassert nærare bustadhuset enn 8m, er det spesielle krav til den delen av garasjen som ligg innafor dei 8 metrane.

#### Vedtak:

Teknisk sjef viser til vurderinga ovanfor og godkjenner søknad om byggjeløyve for garasje i samsvar med teikningar og utgreiingar, på følgjande vilkår:

1. Teknisk sjef skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgd på topp grunnmur. (Byggeforskrifta 14:3)
2. Gavlen mot bustadhuset og bakre del av taket må utførast som B60-konstruksjon (Byggeforskrift 87, kap.30:32 og 34:431).

Teknisk sjef godkjenner Stig-Are Bergetun som ansvarshavande for byggjearbeidet (PBL § 98).

Protest frå Ståle Nyhammer dat. 13.12.93 vert ikkje teken til følgje."

#### Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av bygningsrådet.

Ståle Nyhammer, eigar av gnr.137 bnr.128, klagar på vedtaket i brev dat. 21.02.94.

Han kan ikkje sjå behovet for ein garasje av denne storleiken for ein egedom som alt har garasje, i tillegg til ei stor "utebod" på austre del av eigedomen. Han meiner at omsøkte garasje er stor og skjemmande, og stiller på nytt spørsmål om bygget er tenkt nytta til andre føremål enn garasje. Han ber om at bygningsrådet/evt. fylkesmannen tek synfaring på staden. Nyhammer hevdar framleis at Bergetun sin eigedom ikkje har bruksrett til felles veg frå dagens avkjørsle fram til den staden han no vil laga tilkomst. Ståle Nyhammer ber om at klagen fører til utsett iverksetting av vedtaket, inntil dette spørsmålet er rettsleg avklara.

#### Vurdering:

Rådmannen viser til teknisk sjef si vurdering i handsaminga av delegert sak nr. 25/94. Vi kan ikkje sjå at opplysninga om eit ekstra uthus på eigedommen skal vera avgjerande for handsaminga av saka. Rådmannen kan ikkje sjå at omsøkte bygg kan påføra eigedommen til Nyhammer vesentlege ulemper eller verka skjemmande for nabolaget. Vi kan heller ikkje ut frå dei opplysningane som har komme fram, sjå nokon grunn til å stilla spørsmål om bruksretten til vegen.

Rådmannen vil difor tilrå at bygningsrådet held fast på tidlegare vedtak, og at oppmodinga om utsett iverksetting av vedtaket etter forvaltningslova § 42 ikkje vert teken til følgje.

#### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bygningsrådet syner til merknaden frå rådmannen og kan ikkje ut frå klagen dat. 21.02.94finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Rådet vil difor halda fast på vedtaket i sak 25/94 frå møte 03.02.94. I samsvar med Plan- og bygningslova § 15 i vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

Klagen fører ikkje til utsett iverksetting av vedtak.

Etter synfaring på staden gjorde bygningsrådet følgjande

#### **VEDTAK:**

Framlegg til vedtak vert samrøystes godkjent.

Utskrift til :

-----  
Stig Are Bergetun, 5100 ISDALSTØ  
Ståle Nyhammer, Armauer Hansensvei 13, 5030 LANDÅS  
FYLKESMANNEN I HORDALAND, Postboks 106, 5001 BERGEN

Rett utskrift.

Isdalstø, den 13.04.94

-----  


-----  
Hildur Halland  
skrivar